

Statsvitar og telekomstrateg, Einar Flydal:

# -5G og automatisk smartmålalar kan gi helseplager

Det var Kjell Olav Overå som stod som arrangør då Einar Flydal heldt foredrag om biologiske verknader av IKT, 5G, smartmålalar og wi-fi. Fleire av dei som deltok på møtet fortalde om plager og at dei har fått trugsmål om å miste strømmen om dei ikkje installerer 5G og automatisk smartmålalar.

Einar Flydal har meir enn 40 år bak seg som IKT-entusiast, forskar og strategirådgivar i Telenor si leining, lektor ved NTNU og interesse for berekraftig miljø med meir. Han er ei av Norges viktigaste kjelder til informasjon om helse- og miljøverknader av radiobølger frå IKT, 5G, smartmålalar og wi-fi. Heilt sidan 2010 har Flydal jobba på heiltid med dette temaet.



\* Frå foredraget statsvitar, telekomstrateg og bloggar Einar Flydal heldt i Ørsta torsdag i førre veke.

## Skader hos menneske og dyr

Han starta foredraget med å fortelje at dyr på alle utviklingsnivå kan sansa magnetfelt og bruke dei aktivt.

– Fuglar kan sjå magnetfelt ved hjelp av eit protein i auge, sa han.

Tekniske radiobølger kan føre til at fuglar blir desorienterte og det kan skade kroppsfunksjonar. Hos rotter har hjerneceller døydde.

– Kalvar som vart fødte av kyr som beita nær mobilmaster har i større grad fått grå stær, opplyste Flydal.

Også menneske har fått plager ved å bu nær mobilmaster. Det har vorte gjort granskningar i mange land som Israel, Polen og Spania. De nærare folk har budd desse mastene de større sjanse har det vore for plager.

– Folk har fått diffuse plager som trøytheit, hovudverk, konsentrasjonsproblem, synsforstyrningar og hjarterytmeproblem, sa han.

Nokre menneske får betennelse av stråling frå panelovnar, kokeplater og led-lys.

Også i gamle dagar hadde dei kunnskap om at elektrisitet kunne gi helseplager mellom folk.

## ICNIRP- ei privat stifting som leverer grenseverdier

«Den Internasjonale kommisjon for vern mot ikke-ioniserende stråling», ICNIRP, – er ei tyskegristert privat stifting som publiserer forslag til retningslinjer for å beskytte helseverknader frå ikke-ioniserende stråling.

ICNIRP er formelt anerkjend av WHO og ILO, den internasjonale arbeidrarorganisasjonen, som ein offisiell ikkje-offentleg samarbeidspartnar.

– I ICNIRP sit elleve forskarar som har stråling som spesialitet. Ingen har innsyn i arbeidet deira. Mange andre forskarar i verda er usamde med dei, sa Flydal og understreka at Noreg og 25 andre land godtek mykje høgare verdier enn resten av verda

I boka «5G og vår trådløse virkelighet, høyt spill med helse og miljø» skriv Einar Flydal og Else Nordanger at ICNIRP hevdar at ingen skadeverknader er påviste og at 5G-teknologien ikkje endrar på dette.

Else Nordanger er Dr. Scient

Informatikk, forskar ved SINTEF og Telenor ASA.

## På grunn av forsvarspolitikk?

Flydal meiner at Noreg godtek høge stråleverdier mellom anna på grunn av forsvarspolitikk og samarbeid med USA.

– Telebransjen har ikkje eit eige forskingsmiljø i Noreg, sa Flydal.

Gjennom Elektroingenjørutdanninga og legeutdanninga i Noreg lærer ein at 5G ikkje fører til skade, sa Flydal.

Men grenseverdiene som strålevern-etatane i Norden rår til, gir ikkje adekvat vern mot denne risikoen.

– Grenseverdien er sett utifrå kriterium som ikkje fangar opp dei

vesentlege, skadeproduserande mekanismane, meiner Flydal.

## Forvente skadeverknader av 5G

Slik 5G-visjonen skal realiserast teknisk, må vi vente at ein del skadeverknader som er kjende, knytt til høgare frekvensar, sterkare intensitet, meir pulsering og interferens og færre skjermende soner, vil kome i tillegg.

– Dette skriv Flydal/Nordhagen i boka «5G og vår trådløse virkelighet». Han var også innom dette i foredraget i Ørsta.

## Trugsel om å miste strømmen

Fleire som var på foredraget fortalte at dei var redde for å få plager, og at dei allereie ikkje tolte stråling som dei var utsette for, men at nettselskapa truga dei med å ta strømmen.

Ein kan søkje om fritak, men legar har ikkje lov å skrive attestar om at folk får helseplager frå smartmålalar og liknande, kunne både Flydal og andre fortelje.

På bloggen sin har Flydal eit skjema folk kan nytte for å få søkjer fritak frå å få installert 5G og automatisk smartmålalar.

Dagleg får han mailar og telefonar frå folk som treng hjelp.

## Oppstandelse i heile vestlege verda

Initiativtalar til arrangementet, Kjell Olav Overå, har følgd bloggen til Flydal i 5 år. Han har sjølv ei sjukdomshistorie bak seg og er redd for at installering av 5G og automatisk smartmålalar, skal forverre helsa hans.

– Ein veit ikkje korleis ein pacemaker kjem til å bli påverka, seier han.

Overå har eit inntrykk av at forståinga for denne angsten blir større og større, og at det er oppstandelse over heile den vestlege verda.

✉ INGVLILD RUNDE



\* Kjell Olav Overå har lese bloggen til Einar Flydal i lang tid. Han deler Flydal si frykta for helseplager som følgje av installeringa av 5G og automatisk smartmålalar.



\* Foredragshaldar Einar Flydal.